



Fylkesmannen i  
Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Cathrine Tvedt Lorentzen, 5557 2375

MELAND KOMMUNE

Vår dato  
05.12.2013  
Dykkar dato  
21.11.2013

Vår referanse  
2013/15336 423.1  
Dykkar referanse  
13/1174

- 5 DES. 2013

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Innr. 13/15486 Sak. nr.  
Ark. 22/200 Ark.del GB  
Saksid. 13/1174 - 9

**Retur - Meland - Gnr 22 Bnr 200 - Mjåtveitmarka - Oppføring av mur og gjerde -  
Fastsetting av saksbehandlingsgebyr**

Me visar til oversending frå Meland kommune, mottatt av Fylkesmannen i Hordaland  
27.11.2013.

Meland kommune v/ plan, utbygging og miljøteknikk fastsette i brev av 31.07.2013, sak  
315/13, ilegging av gebyr for kommunen si handsaming av byggjesaka (kr. 2 800,-) og  
dispensasjonssak (kr. 4 300,-), jfr. Meland kommune sitt gebyrregulativ for 2013 pkt. C.3.1.  
bokstav b og pkt. C.6 bokstav b. Gebyrfastsetjinga vart påklaga av Øystein Litleskare i brev  
datert 16.09.2013.

Klagen på fastsetting av gebyret er behandla av utval for drift og utvikling i møte 19.11.2013.  
Klagen vart ikkje teken til følgje. Saka vart etter dette sendt til Fylkesmannen i Hordaland for  
klagebehandling.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, visar vi til saksdokumenta som vi føreset at partane  
er kjende med. Fylkesmannen finn at saka er tilstrekkeleg opplyst, jfr. forvaltningslova (fvl) §  
17 første ledd.

**Fylkesmannen ser saka slik:**

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Etter fvl. § 34 kan  
Fylkesmannen prøve alle sider av saka, og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan  
anten stadfeste, omgjere eller oppheve kommunen sitt vedtak.

Meland kommune har gjeve eit gebyr på kr 7100,- for behandling av byggjesøknad etter  
Meland kommune sitt gebyrregulativ for 2013.

Eit enkeltvedtak er eit vedtak «som gjelder rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte  
personer», jfr. fvl § 2 første ledd bokstav b), jfr. bokstav a). Gebyrfastsetjinga blei gjort ut frå  
satsane i gebyrregulativet, og var ikkje gjenstand for ei særskilt vurdering i den konkrete saka.  
Gebyrfastsetjinga er soleis ikkje eit «enkeltvedtak» som det kan klagast på, jfr. fvl § 28 første  
ledd.

Slik Fylkesmannen ser det har Meland kommune vurdert klagen datert 16.09.2013 som ein  
søknad om nedsetting av gebyret på bakgrunn av vilkåret om «særlege grunnar», jf.

gebyrregulativet pkt A.6. Avslag på søknad om reduksjon av gebyr gjeld «rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer», og er soleis eit enkeltvedtak etter fvl § 2 første ledd bokstav b), jfr. bokstav a), som kan klagast på, jfr. fvl § 28 første ledd.

Det ovannemnte inneber at kommunens avgjerd om ikkje å ta klagen til følge, i realiteten er eit avslag på søknad om nedsetjing av gebyr, og soleis eit enkeltvedtak som kan påklagast. Fylkesmannen kan ikkje sjå at tiltakshavar har hatt anledning til å klage på avslaget. Det er derfor ikkje grunnlag for å handsame saka her som klagesak slik denne no ligg føre.

I tilfellet avslaget vert påklaga og kommunen ikkje tar klagen til følge, skal kommunen sende saka vidare til Fylkesmannen som klageinstans.

Med helsing

Svein Bjerkeng e.f.  
underdirektør

Cathrine Tvedt Lorentzen  
rådgivar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Øystein Litleskare Tjørnavegen 45 A 5918 FREKHAUG